

Seks vanlege feil du bør unngå ved istandsetting av hus i Nærøyfjorden og Stølsheimen landskapsvernområder

1. *Å bygge før du spør.* Det er betre å spør ein gang for mykje enn å risikere å måtte fjerne det du har bygd fordi det viste seg å ikkje vere lov.

2. *Å byte til annan type kledning* enn det som var på huset før. Har du t.d. eit hus med kanta, ufalsa bord med varierende breidde og byter til moderne villmarkspanel, endrar dette husets preg vesentleg.

3. *Store takutstikk.* Det kan verke som eit fornuftig tiltak å forlenge takutstikket på eit gammalt hus, men dette vil endre inntrykket av bygget vesentleg. Korte takutstikk er det tradisjonelle i utmarka, og dei står seg godt mot sterk vind.

4. *Platting, terrasse eller gjerde rundt stølshuset.* Dette er det ikkje tradisjon for i stølsområda, og som hovudregel vil det ikkje bli gjeve løyve til slike tiltak.

5. *Etterisolering med dampsperre.* Dei gamle husa var bygde med material som kan ta opp og avgje fukt. Brukar ein feil isolasjon eller prøver å tette gamle hus kan ein lett få fuktskadar. Ein tungt isolert tømmerkonstruksjon krev også mykje lenger tid å varme opp.

6. *Betong for å fikse tørrmur.* Å tilføre betong i/på tørrmurer som forsterking, er ein metode som oftast gjer meir skade på sikt. Av di betong ikkje er eit fleksibelt material, og fordi den held meir på fukt, risikerer du at små setningsskadar blir til større skadar på muren.